



Friluftsrådet Vest
Postboks 63
5575 AKSDAL

Trondheim, 12.06.2017

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2017/273

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Statleg medverknad til sikring og istandsetting av Melderskin parkering del av gnr 84 bnr 1 og 3 og gnr 85 bnr 5 i Kvinnherad kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til friluftsrådet sin søknad av 11.01.2017 og seinare dialog om opparbeidingskostnader, og til fylkeskommunen sin uttale av 28.03.2017.

Friluftsrådet søker om statleg medverknad til servituttavtale for deler av gnr 84 bnr 1 og 3 og gnr 85 bnr 5 og til nødvendig tilrettelegging, totalt kr 254.200,-.

Sikring og nødvendig tilrettelegging av Melderskin parkering tilfredsstiller dei kriteria som er sett for tildeling av statlege midlar.

Miljødirektoratet gir med dette tilsegn om inntil **kr. 161.700,-** inklusive omkostningar til sikring og tilrettelegging av parkeringsareal ved Melderskin som friluftslivsområde for ålmenta. Tilsegna dekkjer sikringskostnadene og 50 % av kostnadene ved tilretteleggingstiltaka. Det er føresett at meirverdiavgift er trekt ifrå kostnader ved grunnleggande istandsetting. Eventuelle nødvendige løyve frå offentlege myndigheiter til å utføra tiltaka må hentast inn av tiltakshavar.

Grunngeving for tilsegna

Søknaden er grunnjeven med at det kjem turfolk frå heile regionen for å oppleve dette fjellområdet og utsikten over Rosendal og Sunnhordlandsbassenget, og parkeringskapasiteten er no for liten. I tillegg ser ein aukande turinteresse i området. Friluftsrådet søker difor om sikring av tre ulike parsellar, kvar på om lag 1 daa, langs Melsvegen.

Hordaland fylkeskommune tilrår statleg medverknad til sikring for å oppretthalde dette området som eit godt turmål. Melderskin og ruta opp dit frå der det er søkt sikra meir parkering, er kartlagt og verdsett som svært viktig i den regionale kartlegginga for Hordaland. Miljødirektoratet vil medverke til statleg sikring slik det er søkt om, der erstatninga for servituttavtalane er sett til ein rundsum på kr 15.000,- for kvar av dei tre parsellane, og omkostningar kjem på kr 4.200,-.

Statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftsområde blir fyrst og fremst tildelt frå fylkeskommunen. I samband med sikring av område kan direktoratet likevel enkelte gongar

medverke økonomisk til tilrettelegging/opparbeiding/istandsetting som blir vurdert som nødvendig for at området skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Om direktoratet kan medverke til denne type tiltak vil vere avhengig av budsjettssituasjonen. I denne saka vil opparbeiding av parkeringsareala vere ein del av den grunnleggande istandsettinga som i større grad vil gjere området tilgjengeleg for publikum. Kostnadene ved dette kan sjåast som ein del av dei samla sikringskostnadene som staten i denne saken kan medverke til å dekkje med inntil 50 % eks. mva. I dette tilfellet er utgangspunktet eit estimat på kr 185.000,-, som gjev ei tilsegn på kr 92.500,-. I tillegg blir det gjeve ei støtte på kr 20.000,- til saman til to informasjonstavler (sjå meir informasjon om utforming under).

Part i avtalen

Friluftsrådet Vest blir servitutthavar (part i servituttavtale) etter gjennomført sikring av privat grunn. Sjå for øvrig vilkår for utbetaling nedanfor om avtaleutforming og staten sin rett i avtalen.

Utbetaling

Oppgjer kan gjerast når vi har motteke følgjande:

1. Tinglyst servituttavtale (bruksavtale) på eigedomane som er evigvarande (minimum 40 år). Det må gå fram av avtalen at han ikkje kan endrast utan samtykke frå staten v/Miljødirektoratet. Vi ber dykk nytta malen for servituttavtale som kan lastast ned frå direktoratet sine nettsider.
2. Grensene for områda levert på digital form (til dømes etter oppmåling), i standard kartformat (SOSI). SOSI-filen skal visa det sikra friluftslivsområdet si yttergrense og elles vera reinska for andre opplysningar (som interne eigedomsgrenser, høgdekurver, bygningar osv).
3. Stadfesting av at istandsettingstiltaka er utført, samt rekneskapsoppstilling over dei ulike delkostnadene. Rekneskapsoppstillinga skal vere ifråtrekt eventuell meirverdiavgift. Rekneskapsoppstillinga skal vere stempla og signert av person med slik mynde i friluftsrådet.
4. Forvaltningsplan som viser planlagde tilretteleggingstiltak i området. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider.

Vi gjer merksam på at tilsegna vil bli trekt dersom saka ikkje er avslutta innan 15.08.2018, og at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan setja i verk kontroll av om midla er nytta i samsvar med føresetnadene. Det er ein føresetnad at kostnadene blir ført slik at det er mogleg å ta ut eit separat rekneskap for arbeida som blir utført.

Vi ber om at de tek kontakt med Miljødirektoratet under gjennomføring av saka dersom det oppstår tvil om føresetnadene for tilsegna kan vere endra. Det kan til dømes gjelde ved endringar av kostnader, vederlag som blir betalt for avtalen, arealstorleik og anna innhald i servituttavtalen (jf. Miljødirektoratet sin mal for servituttavtalar).

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan iverksette kontroll av om midlane er nytta i samsvar med føresetnadene.

Ved informasjon om og markedsføring av friluftslivsområdet ynskjer vi at det blir vist til den økonomiske støtta som er gjeve frå staten ved Miljødirektoratet.

Informasjonstavle

Miljødirektoratet har utvikla ein eigen grafisk profil for informasjonstavler på dei statleg sikra friluftslivsområda. Malen gjeld anten det er staten eller kommunen/friluftsrådet som blir grunneigar/rettshavar. Informasjon om malen finst på Miljødirektoratet sine nettsider.

Rettleiing om forvaltning

DN-handbok nr. 30-2011 "Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder" viser friluftsrådet sitt ansvar ved sikring av område med statleg medverknad, samt ansvar i høve til drift og tilsyn av desse områda. Vi gjer merksam på at ansvar for drift blant anna omfattar ansvar for normale driftsutgifter knytt til området (f. eks. kommunale avgifter, straum, eigedomsskatt, utgifter ein får som part i veglag ol). Det er ein føresetnad for tilsegna at friluftsrådet tek på seg dette ansvaret. Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vi føreset at opparbeiding skjer på ein naturvennleg måte, i tråd med prinsipp og råd omtala i DN-handbok nr. 27-2006 "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv". Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vidare føreset vi at naturmangfaldet blir forvalta i tråd med naturmangfaldlova (NML). Det vil seie i tråd med føremål, forvaltningsmål, plikt til å vise aktsemd, jf. naturmangfaldlova kap. 1 og 2.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Berit Lein
avdelingsdirektør

Terje Qvam
seksjonsleiar

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	Rosendal
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen